

Studieplan for Norsk 2 (30 studiepoeng) (2007–2008)

Fakta om programmet

Studiepoeng: 30

Studiets varighet: 1 år

Undervisningsspråk: Norsk

Studiested: Høgskolen i Østfold

Kontakt

Studieveileder: Anne-Marit Brække

Telefon: +47 69 60 81 48

E-post: studier@hiof.no

Avdeling for lærerutdanning

Innholdsfortegnelse

- Oppbygging og gjennomføring
- Studieplanen er godkjent og revidert
- Studiemodell

Oppbygging og gjennomføring

Studiets oppbygging og innhold

I studiet Norsk 2 står det historiske perspektivet sentralt, samstundes som studiet heile tida har ei brei språkvitskapleg og litteraturvitskapleg forankring. Kunnskap om korleis norsk språk i tale og skrift har utvikla seg under skiftande politiske og kulturelle vilkår opp gjennom tidene og om viktige periodar og retningar innan norsk litteraturhistorie, blir vektlagt. Studentane skal gjennom studiet dokumentere solid dugleik i praktisk bruk av både bokmål og nynorsk.

Breiddeinnretninga på studiet tek særleg omsyn til å kvalifisere for undervisning i ungdomsskolen og i den vidaregåande skolen.

Norsk 2 er bygd opp av to emne som kvar er på 15 studiepoeng:

- Norsk 201 - Språk (haustsemester)
- Norsk 202 - Litteratur (vårsemester).

Se den einskilde emneskildring for meir informasjon.

Internasjonalt aspekt

I Norsk 2 legg ein vekt på det nordiske perspektivet, og ein prøver derfor å få til ein studietur til eitt av dei nordiske landa.

Både Norsk 201 og Norsk 202 har eit nordisk perspektiv. Vi behandlar språkforholda i Norden, og vi les dansk og svensk litteratur på originalspråket. Omsetting er eit eige tema i kurset.

Vi har ei utvekslingsavtale med svenskseksjonen ved Högskolan Väst som held til i Vänersborg/Uddevalla.

Likestillingsaspekt

I sosiolingvistikken og i språkdidaktikken er språk og kjønn eit tema.

Organisering og læringsformer

Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar for heile kullet, arbeid i kollokviégrupper, sjølvstendig arbeid der ein får rettleiing av ein faglærer og gjennom sjølvstudium. Undervisningstilbodet vil ikkje kunne dekke alle delane av pensum, og studentane må derfor også arbeide med fagstoff på eiga hand.

Vi nyttar IKT som eit praktisk arbeidsverktøy i undervisninga gjennom nettkonferanse, kommunikasjon mellom studentar og lærarar, og mykje av arbeidsstoffet til undervisninga er elektronisk basert.

Arbeidet med fagartiklar som studentane er pålagt å skrive i kvart emne vil i særleg grad krevje at studentane nyttar dei tilboda biblioteket kan gi.

Studietur

Ein eventuell studietur vil vere frivillig. Varigheit er ca ei veke og studentane må rekne med nokre kostnader sjølv om studieturane blir støtta økonomisk.

Undervisningsspråk

Undervisningsspråket er norsk, og studentane må dokumentere kunnskap i både bokmål og nynorsk. I tillegg skal dansk og svensk litteratur lesast på originalspråket.

Arbeidskrav

Studentane skal i kvart emne skrive ein fagartikkel på om lag 8 sider. Teksten blir vurdert av faglærer og må vere godkjent før studentane kan framstilla seg til eksamen. Målforma i dei to artiklane er valfri, men kandidaten må bruke ulik målform i dei to artiklane.

Studentar som ikkje har obligatorisk praksis skal i tillegg levere eit fagdidaktisk/praksisretta prosjektarbeid.

Praksis

For allmennlærerstudentar gjeld eigen praksisplan. Andre studentar skal, som eit alternativ til den obligatoriske praksisen, arbeide med eit prosjekt som har eit fagdidaktisk/praksisretta innhald. Dette prosjektet gjennomføres i samråd med faglærer, og skal ha eit omfang som tilsvarer minst ei veker konsentrert arbeid.

Tilbakemelding underveis

Studentane skal ha minst to rettleiingssamtalar med faglærer i samband med arbeidet med kvar av dei to fagartiklane.

Vurdering

Dei obligatoriske arbeidskrava må vere godkjente før studentane kan få framstilla seg til eksamen.

Begge dei to emna har ein 8 timars skriftleg eksamen. Målforma på dei to prøvene er valfrie, men kandidaten må bruke ulik målform på dei to prøvene. Ved vurderinga vil det i tillegg til det faglege innhaldet òg bli lagt vekt på kvaliteten på den språklege dugleiken. Prøvene blir vurdert av ein ekstern og ein intern sensor.

Prestasjonen på dei to emna på Norsk 2 blir vurdert ut frå ein karakterskala frå A til F. A er beste karakter, E er dårligaste beståtte karakter og F betyr 'ikkje bestått'. Det blir gitt ein einskild karakter for kvart av dei to emna i Norsk 2.

Litteratur

Pensum for dei to emna på Norsk 2 finn ein under dei ulike emneskildringane.

Studieplanen er godkjent og revidert

Studieplanen er godkjent

Eystein Arntzen 5. juni 2007

Studiemodell

Denne studiemodellen har en ny utforming. [Fortell oss hva du synes om den](#)

Høst 2007

Obligatoriske emner Norsk 2. Opptak høst 2007

LU201NOR07
Norsk 201: Språk

15 stp

Vår 2008

Obligatoriske emner Norsk 2. Opptak høst 2007

LU202NOR07
Norsk 202: Litteratur

15 stp

LU201NOR07 Norsk 201: Språk (Høst 2007)

Fakta om emnet

Studiepoeng: 15

Ansvarlig avdeling: Avdeling for lærerutdanning

Undervisningsspråk: Norsk

Varighet: ½ år

Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Forkunnskapskrav utover opptakskrav
- Undervisningssemester
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamen
- Litteratur

Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Emnet inngår i studieeininga Norsk 2 (30 studiepoeng) og Årsstudium i Norsk (60 studiepoeng).

Forkunnskapskrav utover opptakskrav

Studieeininga Norsk 2 krev forkunnskapar som svarer til Norsk 1. Ein kan ta Norsk 2 samstundes med Norsk 1, men ein vil ikkje få utskrift av karakterane frå Norsk 2 før ein har bestått Norsk 1.

Undervisningssemester

Hautsemesteret

Innhold

- hypertekster
- multimodale tekster
- nabospråk
- norrønt
- språkdidaktiske emne

- språkhistorie
- språksosiologi
- talemål

Undervisnings- og læringsformer

Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar for heile kullet, arbeid i kollokviegrupper, sjølvstendig arbeid der ein får rettleiing av ein faglærer og gjennom sjølvstudium. Undervisningstilbodet vil ikkje kunne dekke alle delane av pensum, og studentane må derfor også arbeide med fagstoff på eiga hand.

Praksis

Jf. avsnittet "Tilhøvet mellom teori og praksis" i generell del av studieplanen

Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

Studentane skal skrive ein fagartikkel på om lag 8 sider. Teksten blir vurdert av fagansvarlig og må vere godkjent før studentane kan framstilla seg til eksamen. Målforma er valfrie, men ein må bruke ei anna målform enn den ein vil bruke i artikkelen som skal skrivast i emnet Norsk 202 - *Litteratur*.

Studentar som ikkje har obligatorisk praksis skal i tillegg levere eit fagdidaktisk/praksisretta prosjektarbeid i samråd med faglærer. Prosjektet skal ha eit omfang som tilsvarer minst ei vekes konsentrert arbeid.

Eksamen

8 timars individuell skriftleg eksamen.

Målforma er valfrie, men kandidaten må bruke ulike målformer på Norsk 201 og 202.

Tillatne hjelpemiddel: gjeldande læreplan og norrøn ordbok, samt ordbok eller ordliste i den målforma studenten har valt.

Prøva vil bli vurdert av ein intern og ein ekstern sensor etter ein karakterskala frå A til F.

Ved vurderinga vil det i tillegg til det faglege innhaldet òg bli lagt vekt på kvaliteten på den språklege dugleiken.

Litteratur

Målførekunnskap:

Eric Papazian; Botolv Helleland: *Norsk talemål - lokal og sosial variasjon*. Høyskoleforlaget 2005

Norrønt:

Terje Spurkland: *Innføring i norrønt språk*. Universitetsforlaget 1989

Norrøn ordbok

Språkhistorie:

Hildegunn Otnes og Bente Aamotsbakken: *Tekst i tid & rom*. Samlaget 2006

Sosiolingvistik:

Brit Mæhlum m.fl.: Språkmøte. *Innføring i sosiolingvistik*. Cappelen akademisk 2003

Nabospråk:

Per Mårtenson m.fl.: *Svenska för nordmän*. Ad Notam Gyldendal 1998

Jens Cramer og Peter Kirkegaard: *Dansk sproglære for nordmænd*. Ad Notam Gyldendal 1996

Teori om multimodale tekstar:

Kompendium frå seksjonen

Tekstprøver:

Ca 25 sider språkhistoriske tekstprøver (kompendium frå seksjonen)

12 målprøver (kompendium frå seksjonen)

15 sider norrøn tekst i original språkdrakt (kompendium frå seksjonen)

Språkdidaktiske emne:

Harald Nilsen: 'Hva sier sensor? Sensorcommentarer om tekstualitet'. I Berge m.fl. (red.): *Ungdommers skrivekompetanse*. Bind 1 s 115 - 160. Universitetsforlaget 2006

LU202NOR07 Norsk 202: Litteratur (Vår 2008)

Fakta om emnet

Studiepoeng: 15

Ansvarlig avdeling: Avdeling for lærerutdanning

Undervisningsspråk: Norsk

Varighet: ½ år

Innholdsfortegnelse

- Emnet er tilknyttet følgende studieprogram
- Forkunnskapskrav utover opptakskrav
- Undervisningssemester
- Innhold
- Undervisnings- og læringsformer
- Praksis
- Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen
- Eksamen
- Litteratur

Emnet er tilknyttet følgende studieprogram

Emnet inngår i studieeininga Norsk 2 (30 studiepoeng) og Årsstudium i Norsk (60 studiepoeng).

Forkunnskapskrav utover opptakskrav

Studieeininga Norsk 2 krev forkunnskapar som svarer til Norsk 1. Ein kan ta Norsk 2 samstundes med Norsk 1, men ein vil ikkje få utskrift av karakterane frå Norsk 2 før ein har bestått Norsk 1.

Undervisningssemester

Vårsemesteret

Innhold

- litteratur- og teksthistorie
- litteraturredaktikk
- litteratur- og tekstteori
- lesestimulering

Undervisnings- og læringsformer

Tilnærminga til stoffet skjer i hovudsak gjennom forelesingar for heile kullet, arbeid i kollokviegrupper, sjølvstendig arbeid der ein får rettleiing av ein faglærer og gjennom sjølvstudium. Undervisningstilbodet vil ikkje kunne dekke alle delane av pensum, og studentane må derfor også arbeide med fagstoff på eiga hand.

Praksis

Jf. avsnittet "Tilhøvet mellom teori og praksis" i generell del av studieplanen

Arbeidskrav - vilkår for å avlegge eksamen

- Studentane skal skrive ein fagartikkel på om lag 8 sider. Teksten blir vurdert internt og må vere godkjent for å få gå opp til eksamen. Målforma er valfri, men ein må bruke ei anna målform enn den ein brukte i artikkelen på emnet Norsk 201 - *Språk*.
- Sjølvvalt pensumliste må leverast for godkjenning hos faglærer innan angitt frist. Krav til omfang går fram av litteraturlista i denne emneskildringa.

Studentar som ikkje har obligatorisk praksis skal i tillegg levere eit fagdidaktisk/praksisretta prosjektarbeid i samråd med faglærer. Prosjektet skal ha eit omfang som tilsvarer minst ei veker konsentrert arbeid.

Eksamen

8 timars individuell skriftleg eksamen.

Målforma er valfri, men kandidaten må bruke ulike målformer på Norsk 201 og 202.

Tillatne hjelpemiddel: Gjeldande læreplan, samt ordbok eller ordliste i den målforma studenten har valt.

Prøva vil bli vurdert av ein ekstern og ein intern sensor etter ein karakterskala frå A til F.

Ved vurderinga vil det i tillegg til det faglege innhaldet òg bli lagt vekt på kvaliteten på den språklege dugleiken.

Litteratur

Andersen, Per Thomas: *Norsk litteraturhistorie*, Universitetsforlaget 2001 eller seinare (eller ei anna av tilsvarande eller større omfang)

Vinje, Eiliv: *Tekst og tolking. Ad Notam* 1993 eller seinare (eller ei anna litteraturteoretisk innføring av tilsvarande omfang).

Skjønnlitteratur - sjølvvalt pensum skal bestå av:

- Ei islendingesoge i omsetjing
- Eit Edda-kvad
- Ein middelalderballade
- Ca. 60 sider prosatekstar frå 1500-1800
- 10 dikt og/eller salmar frå 1500-1800
- Ein komedie av Holberg
- Ca. 100 sider tekstar frå romantikken
- Ei bondeforteljing av Bjørnson

- Eit drama av Ibsen frå perioden etter 1877
- Einroman av Jonas Lie
- Einroman av Amalie Skram
- Ei samling noveller av Alexander Kielland
- Einroman av Knut Hamsun (frå tida før 1900)
- Eit drama av Strindberg
- Eit dansk verk frå tida før 1900
- Ca. 20 sider prosa av A. O. Vinje
- Ca. 50 sider prosa av Arne Garborg
- Ca. 30 dikt frå 1800-talet
- Einroman av Olav Duun
- Einroman av Dag Solstad
- Eit svensk verk frå 1900-talet
- Eit dansk verk frå 1900-talet
- Ca. 120 sider kortprosa frå 1900-talet
- Ca. 30 enkeltdikt frå 1900-talet
- Fordjuping i eit lyrisk forfattarskap frå 1900-talet
- Eitt verk frå 2000-talet